

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 08.07.2019
SAKSHANDSAMAR: Terje Arne Krokvik
SAKA GJELD: **Langsiktig finansiering Helse Vest IKT AS 2019 - 2020**

ARKIVSAK: 2019/7935
STYRESAK: **086/19**

STYREMØTE: **05.09. 2019**

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med kr 115 mill. til totalt kr 1 148 mill.
2. Dei økonomiske vilkåra skal vere i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.
3. Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som knytter seg til investeringane.

Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møte den 05/09-2018 sak 86/18 B Langsiktig finansiering av Helse Vest IKT 2018. Det blei fatta følgjande vedtak:

1. Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med kr 155 mill. til totalt kr 1 033 mill.
2. Dei økonomiske vilkåra skal vere i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.
3. Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som knyttar seg til investeringane.

Helse Vest IKT har allereie nytta kr 963 mill. av den samla låneramma. I tillegg har det vore naudsynt å overføre totalt kr 300 mill. i a-konto frå RHFet til Helse Vest IKT for å sikre framdrifta i aktuelle investeringsprosjekt. Delar av desse overføringane vil bli tilbakebetalt frå Helse Vest IKT til Helse Vest RHF i september/oktober i samband med forfall på fakturaer til helseføretaka. Det vil likevel vere naudsynt å konvertere store deler av akonto overføringane til langsiktig lån.

Helse Vest IKT har med basis i likviditetssituasjonen samt framdrifta på investeringsprosjekta vurdert at dei har behov for å få auke langsiktig låneramme med kr 115 mill. Det blir her vist til styret i Helse Vest IKT sitt vedtak under sak 039/19 B:

1. Styret ba om at administrasjonen, med grunnlag til styresak 083/18 B Budsjett for Helse Vest IKT for 2019 og i vedlagt likviditetsprognose, utarbeider og sender til Helse Vest RHF søknad om lån på 115 mill. kr.

Samla langsiktig låneramme til Helse Vest IKT vil etter dette utgjere kr 1 148 mill.

Likviditetsbehovet oppstår som følge av at det er Helse Vest IKT som har dei likviditetsmessige utbetalingane til investeringar som blir gjort på vegne av helseføretaka. Dersom IKT-aktivitetane ikkje hadde vore organisert under Helse Vest IKT AS, hadde utbetalingane blitt føretatt direkte i helseføretaka, og det er desse som då hadde fått tilsvarande høgare belastning på driftskredittramma.

Tilbakebetaling av lån vil skje i tråd med dei inntektene som Helse Vest IKT skal fakturere helseføretaka når investeringane er ferdigstilte.

Habilitetsvurdering

Administrerende direktør i Helse Vest RHF er styreleiar i Helse Vest IKT AS. Det at ein og same person innehar begge desse rollane inneber ikkje i seg sjølv at det oppstår nokon form for habilitetskonflikt for administrerende direktør når Helse Vest RHF skal behandla ei sak

som gjeld Helse Vest IKT AS, jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Inhabilitet må eventuelt bli konstatert ut frå ein konkret vurdering der vurderingstemaet er om det i den aktuelle saka ligg føre omstende som er eigna til å svekke tilliten til administrerande direktør sin upartiskheit.

Helse Vest IKT AS er resultat av val av strategisk retning med omsyn til korleis IKT-tenesta i regionen best kan organiserast. Eigarrepresentasjon i selskapet er ein sentral del av styringa, og det er da i liten grad rom for inhabilitetssynspunkt i forholdet mellom disse verksemdene med mindre det i den enkelte sak konkret kan peikast på ein interessekonflikt mellom selskapa og ein konflikt av meir personlig karakter for vedkommande styremedlem. Ein slik situasjon ligg ikkje føre i denne saka.

Konklusjon

Administrerande direktør tilrår å auke låneramma med kr 115 mill. til kr 1 148 mill. i tråd med Helse Vest IKT sin søknad.